



Seniorrådgiver - Arena for forskingskommunikasjon

Universitetsmuseet i Bergen har forskning, samlingsforvaltning og formidling som kjerneoppgåver. Museet har fagfelte antropologi, arkeologi, kunst- og kulturhistorie, botanikk, geologi og zoologi. Til museet ligg og ansvaret for utgravingsverksemda etter av Kulturminnelova med forskrifter, samt for Arboretet og to botaniske hagar. Universitetsmuseet har omfattande vitenskaplege samlingar og er eit nasjonalt formidlingscenter. Museet har om lag 120 årsverk. Nærare informasjon om museet finn ein her: <https://www.uib.no/universitetsmuseet>

Ved Universitetsmuseet er det ledig fast stilling som seniorrådgivar knytt til Arena for forskingskommunikasjon, etablert frå 1. juni 2018. Arenaen skal vera lokalisert i det rehabiliterte i museumsbygget til Naturhistorisk museum, Muséplassen 3, som opnar i 2019.

Arena for forskingskommunikasjon skal gjennom ulike formidlingsformat og -metodar kommunisere frå forskning ved Universitetet i Bergen - i forskingsgrupper, prosjekt og klynger, ved institutt og senter, og av enkeltforskarar. Arenaen vil vere ein møteplass for academia og samfunn. Den vil leggje til rette for dialog rundt UiB sine ulike forskingsprosjekt og gi innsyn i kva form for kunnskap eit universitet produserer for samfunnet. Det vil vere ei viktig oppgåve å inkludere studentar ved UiB i dette arbeidet.

Arenaen er organisert som eit tre-årig prosjekt som skal evaluerast i 2021. Siktemålet er at arenaen dernest skal vidareførast og organisert som del av den ordinære verksemda ved museet. I prosjektperioden vil seniorrådgivar vera prosjektleiar med ansvar for å koordinere alle aktivitetar i museumsbygget og vil rapportere direkte til Universitetsmuseets direktør.

Arbeidsoppgåver:

- Utvikle Arena for forskingskommunikasjon og gjennomføre arenaens program i perioden 2019-2021
- Koordinera alle aktivitetar i arenaen
- Ta del i tilsetjingar av personale i arenaen og i utvikling av drift og rutinar
- Vere fagleg og metodisk ansvarleg for vertar i bygget
- Kommunisere UiBs forskning til omverda gjennom ulike formidlings- og kommunikasjonsformat og metodar - i og eventuelt utanfor arenaen - med ein høg utskiftingsfrekvens
- Vedlikehalde og bygge nye nettverk mot relevante UiB-miljø og andre institusjonar
- Inngå som samarbeidspartnar i utviklinga av kommunikasjonsplanar knytt til aktuelle eksterntfinansierte forskingsprosjekt
- Utvikle samarbeidsformer med Universitetsmuseets Formidlingsavdeling, med driftsansvarleg for Universitetsaulaen og Christie Café

Det kan bli gjort endringar i ansvarsområde og arbeidsoppgåver, basert på erfaringane i prosjektperioden og sluttevaluering av prosjektet i 2021.

Kvalifikasjonar og eigenskapar:

Vi søker etter ein energisk og kompetent person med brei erfaring frå forskingskommunikasjon og relevant museumsarbeid til å leie arbeidet. Personen vi søker må ha svært god innsikt i og forståing for forskingskommunikasjon, målgruppeforståing, og grundig pedagogisk forståing for kva metodar og format som kan nyttast innanfor dei gitte rammene. Det er avgjerande at den som blir tilsett har gode nettverk og brei erfaring frå samarbeid med ulike forskingsmiljø. Det er ein føresetnad at vedkommande beherskar engelsk både skriftleg og munnleg.

Søkjarar må ha

- høgare utdanning frå universitet eller høgskole og pedagogisk kompetanse
- kunnskap om og erfaring med den typen aktivitetar som skal finne stad i arenaen
- kunnskap og erfaring med museums- og utstillingsarbeid
- erfaring frå undervisning og anna formidlingsarbeid frå skoleverk og museum
- erfaring med utvikling av modellar og metodar for forskingskommunikasjon

Kvalifikasjonar som vil bli vektlagt:

- god kunnskap om UiB og universitetssystemet generelt og Universitetsmuseet i Bergen spesielt
- kunnskap om og erfaring med eksterntfinansierte prosjektverksemd
- erfaring frå og evne til å knytte kontaktar til fagmiljø innan alle UiBs fagområde utstillingsarbeid

Vi kan tilby:

- Eit godt og fagleg utfordrande arbeidsmiljø
- Stilling som seniorrådgjevar (kode 1364) i lønnssteg 65-72 (for tida kr 576.100 - 658.300) i det statlege lønsregulativet.
- Medlemsskap i Statens pensjonskasse
- Stilling i ei inkluderande arbeidslivsverksemd (IA-verksemd)
- Gode velferdsordningar

Generell informasjon:

Utfyllande opplysningar om stillinga kan ein få frå direktør Henrik von Achen, telefon 55 58 31 20, mob. 924 45 843, epost henrik.achen@um.uib.no

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønnsamansetning. Personar med innvandrarbakgrunn og personar med nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Opplysningar om søkjaren kan bli gjort offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje blir teke til følgje, skal søkjaren varslast om dette.

Nærare om tilsettingsprosessen [her](#).

Jobbnorge-ID: 155256, Søknadsfrist: Avsluttet